

Private rehabiliteringsinstitusjonar med avtale med Helse Vest RHF

Dykkar ref.: Vår ref.: Sakshandsamar: Dato:
2019/6264 - 51901/2019 Hilde Rudlang 11.04.2019

Samarbeidsavtalar mellom private rehabiliteringsinstitusjonar og helseføretak/private ideelle sjukehus

Som ein del av oppfølginga av regional plan for habilitering og rehabilitering i Helse Vest (2016-2020), er det gjennomført eit regionalt prosjekt om overgangen mellom sjukehus og privat rehabiliteringsinstitusjon. Prosjektet har utvikla tiltak som skal bidra til at pasientar som blir overførte frå sjukehus til ein privat rehabiliteringsinstitusjon, får eit samanhengande og målretta pasientforløp i spesialisthelsetenesta.

Prosjektet hadde representantar frå helseføretaka, dei private rehabiliteringsinstitusjonane og regionalt brukarutval, og blei leia av Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering. Det regionale fagdirektørmøtet var styringsgruppe for prosjektet.

Prosjektet har utarbeidd følgjande hjelpemiddel for å koordinere tenestene i overgangen mellom sjukehus og privat rehabiliteringsinstitusjon:

- Nytt tilvisingsskjema med rettleiar (dynamisk funksjon) til bruk for sjukehusa
 - Tilgjengeleg i DIPS
 - Regional DIPS rutine
- Sjekkliste (praktisk) før overføring frå sjukehus til privat rehabiliteringsinstitusjon
 - Tilgjengeleg i DIPS
 - Regional DIPS rutine
- Mal for samarbeidsavtale
- Ein plan for implementering (opplæringsplan)

Som ledd i implementeringa av tiltaka i tenestene, skal dei private rehabiliteringsinstitusjonane og helseføretaka/private ideelle sjukehus inngå samarbeidsavtalar. Dei private ideelle sjukehusa er Haraldsplass Diakonale Sykehus og Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesykehus. Samarbeidsavtalane dreier seg om fag- og tenesteutvikling og rutinar for pasientforløp.

Helse Vest RHF ber om at dei private rehabiliteringsinstitusjonane tar initiativ til å inngå samarbeidsavtalar med helseføretak/private ideelle sjukehus. Initiativ skal takast overfor helseføretak/private ideelle sjukehus som rehabiliteringsinstitusjonen tar imot pasientar frå

og/eller som ligg i geografisk nærleik og/eller som institusjonen vurderer at det er behov for samarbeidsavtale med.

Den vedlagte malen skal nyttast. Samarbeidsavtalen byggjer på avtalar mellom Helse Vest RHF og rehabiliteringsinstitusjonane om kjøp av spesialiserte rehabiliteringstenester. Det blir vist til punkt 6.8 om samarbeid i denne avtalen og til vedlegg 1. Relevant informasjon frå denne avtalen skal innarbeidast i samarbeidsavtalen, jf. malen.

Det er eit gjensidig ansvar for helseføretaka/dei private ideelle sjukehusa og dei private rehabiliteringsinstitusjonane at samarbeidsavtalane kjem på plass. Helse Vest RHF ber om at rehabiliteringsinstitusjonane tek på seg pådrivarrolla. Vi ber om at førespurnaden blir sendt til postmottak i helseføretaka, med kopi til fagdirektørane:

Helse Førde: post@helse-forde.no, kopi til trine.hunskar.vingsnes@helse-forde.no
Helse Bergen: postmottak@helse-bergen.no, kopi til marta.ebbing@helse-bergen.no
Helse Fonna: post@helse-fonna.no, kopi til haldis.johanne.okland.lier@helse-fonna.no
Helse Stavanger: post@sus.no, kopi til eldar.soreide@sus.no
Haraldsplass Diakonale Sykehus: hds@haraldsplass.no, petter.lave.thornam@haraldsplass.no
Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesykehus: post@hsr.as

Helseføretaka/dei private ideelle får kopi av dette brevet, og Helse Vest RHF vil også sende eige brev til desse om implementeringa av tiltaka.

Samarbeidsavtalar bør vere på plass innan sommaren.

Vennleg helsing

Baard-Christian Schem
fagdirektør

Hilde Rudlang
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng inga signatur
All elektronisk post sendast til post@helse-vest.no*

Kopi til:
HELSE STAVANGER HF
HAUGESUND SANITETSFORENINGS REVMATISMESYKEHUS
HARALDSPASS DIAKONALE SYKEHUS AS
HELSE BERGEN HF
HELSE FONNA HF
HELSE FØRDE HF